




KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2155

Uttale - Avgrensa varsel om utvida plangrense - Kvinnherad - Grøn næringspark - områdereguleringsplan

Vi viser til brev frå Kvinnherad kommune av 30.08.2023. Saka gjeld varsel om utviding av plangrense for områderegulering for Grøn Næringspark Kvinnherad, PlanID 20200005.

I samband med planprosessen planlegg Kvinnherad kommune for ei utfylling utanfor eksisterande kai på eigedom 143/198. Det er også trong for eit noko større område for VHS – Hamne område i sjø, og gjerne også høve til ein flytekai utanfor ny fylling. Nytt planområdet vert no ca. 484,8 daa mot tidlegare 471,5 daa, ei utviding på ca. 13,3 daa.



Utvidinga av planområdet ligg i sjø og i 100-metersbeltet langs sjø. Vi minner om at det alltid skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i desse områda jf. pbl. § 1.8 fyste ledd.

Vi minner òg om at utfylling i sjø normalt vil utløyse krav om løyve etter forureiningslova.

Ut over dette har statsforvaltaren ikkje merknader til utviding av plangrense for områderegulering for Grøn Næringspark Kvinnherad, PlanID 20200005.



Med helsing

Jan Vidar Voster
seniorrådgjevar

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent